

Rutine for særskilt tilrettelegging av eksamen ved Askøy videregående skole

Denne rutinen bygger på;

- Vestland fylkeskommune sin rutine for særskilt tilrettelegging på eksamen, [Særskild tilrettelegging på eksamen](#)
- Vestland fylkeskommune sitt sentrale dokument «Planlegging, gjennomføring av eksamen og dokumentasjon»; [Planlegging, gjennomføring av eksamen og dokumentasjon](#)
- Utdanningsdirektoratet sin informasjon om særskilt tilrettelegging av eksamen: [Administrere eksamen | udir.no](#)

Søknadsprosess

Elevane vert informert ved skulestart av kontaktlærer og ved oppslag på ltsl og skulen sin nettside om retten til særskilt tilrettelegging ved eksamen og skulen sin rutine for handsaming av slike søknader.

Dersom elev har behov for tilrettelegging ved eksamen, skal det sendast søknad i Visma InSchool (VIS). Søkjar må dokumentere rett for at søknad vert innvilga. Søknaden gjeld for 1 år, og ein må difor søkje kvart år.

Det er ikkje ei særskilt frist for å søkje om tilrettelegging, men søknaden må sendast i god tid slik at skulen kan vurdere og planleggje for tilrettelegginga.

Ass. rektor har delegert mynde frå rektor til å handsame søknadane i VIS.

Vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen er enkeltvedtak med klagerett. Statsforvaltaren er klageinstans.

Dokumentasjon

Hovudregelen er at den som søker om særskild tilrettelegging på eksamen, skal legge fram dokumentasjon frå sakkunnig instans som dokumenterer kandidaten sine behov.

I mange tilfelle vil det vere naturleg at PPT er sakkunnig instans, men det kan også vere andre, til dømes lege eller psykolog. Det som er avgjerande for at den sakkunnige uttalen skal kunne leggjast til grunn, er at den inneheld nok opplysningar om vanskaner til eleven slik at det er mogleg å vurdere kva tilrettelegging som er aktuell. Ein diagnose er ikkje i seg sjølv grunnlag for tilrettelegging. Dokumentasjonen bør vere av nyare dato og skildre situasjonen slik den er no.

I tilfelle der skulen kjenner kandidaten og kandidaten sine behov godt, kan skulen velje å sjå vekk frå kravet om dokumentasjon frå sakkunnig instans.

Elev kan i slike tilfelle søkje om tilrettelegging etter utprøving, i dialog med faglærarar, gjennom året. Dersom eleven ikkje har dokumentasjon som seier noko konkret om kva behov eleven har, kan eleven levere uttale frå faglærarar/kontaktlærer om kva tilrettelegging eleven har behov for, og nytte av, for å få vist kompetansen sin i ulike fag og i ulike eksamensformer.

Eksamensvakter kan ikkje sjølv ta avgjersle om tilrettelegging. dersom det kjem ein elev og krev dette. Før ein kvar eksamen vil eksamensvakt/faglærer få oversikt over kven som skal ha tilrettelegging. Dersom det oppstår situasjonar der eleven meiner de har rett på tilrettelegging som eksamensvakt ikkje er informert om, må hovudvakta kontakte eksamensansvarleg.

Det er faglærer sitt ansvar å kartleggje om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om det er behov for tilrettelegging i ulike fag og vurderingsformer. Utprøving av tilrettelegging kan gjerast i dialog med eleven gjennom året. For å gjere slik tilrettelegging, treng eleven ikkje dokumentasjon frå sakkunnig instans, og heller ikkje vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

Det er opp til eleven å søkje om tilrettelegging til eksamen, men kontaktlærer og/eller faglærer skal gje uttale på grunnlag av kjennskap til eleven sine behov, dersom eleven ikkje har anna dokumentasjon som seier noko konkret om kva tilrettelegging eleven treng.

Aktuelle former for tilrettelegging

I VIS har ein høve til å søkje om «ekstra tid», «skjerma plass» eller «anna».

For å kunne handsame søknaden må eleven leggje ved ein uttale som skildrar konkret kva tilrettelegging eleven treng for å få vist kompetanse. Det må kome fram kva fag og eksamensform søknaden om tilrettelegging gjeld, eller om den gjeld i alle fag og i alle eksamensformer. Uttalen skal i utgangspunktet vere frå ein sakkunnig instans, men kan også vere frå kontaktlærer og faglærer(ar).

Vedtaket om tilrettelegging skal gjerast på grunnlag av den enkelte elev sitt behov. Punkta under er soleis berre rettleiande!

Aktuelle tilretteleggingar:

lengre tid til å arbeide med eksamensoppgåva • tid til pausar • tilgang på kvilerom • opplesing av oppgåvetekst • få oppgåvetekst på teiknspråk eller punktskrift på leselist • bruk av tale-til-tekst-program • skrivhjelp • ekstra lys • ergonomiske tiltak som hev/senkebord, spesiell stol ol. • eige eksamensrom • skjerma plassering eller eksamensrom med færre kandidatar • endring av eksamensform. • andre tiltak Lista er ikkje uttømmende. Sjå omtale av dei ulike tiltaka nedanfor.

Ekstra tid:

- Eleven kan søkje om ekstra tid til pausar og/eller utvida tid for å arbeide med eksamensoppgåvene
 - Munnleg: 10 min ekstra til førebuingdelen
 - Praktisk: ekstra tid gjeld berre på eksamensdagen
 - Skriftleg (lengde på eksamen):
 - 2-3 timar: 30 min
 - 4 timar: 45 min
 - 5 timer: 60 min

Skjerma plass

- Eleven sit i same eksamenslokale som resten av elevane, men får skjerma plass ved hjelp av berbare skiljeveggjar eller ved eiga plassering i rommet.
- Eleven sitt på eige rom. Dette krev eigen vakt.

Anna:

- Oppgåveteksten lest opp.
 - Eleven får tilbod om å få lest opp oppgåvetekst når eksamen startar. Dette kan gjennomførast utanfor eksamenslokalet (gang eller grupperom).
 - Eleven kan ta kontakt med eksamensvakt under eksamensgjennomføringa for å få lest opp teksten undervegs.
- Skrivehjelp.
 - Vert gjennomført i eige rom med eigen eksamensvakt, der eksamensvakt skriv ordrett ned det eleven svarar ut munnleg.
- Anna eksamensform dersom eksamensordninga i faget opnar for dette
 - Ein KAN få innvilga ein fullt og heilt munnleg eksamen i skriftleg, dersom eleven er trekt ut i skriftleg – og motsett
 - Dette kan ikkje gjerast i fag det det vert gjeve karakter i både skriftleg og munnleg, som t.d. norsk.
 - Ein søker ikkje spesifikt om dette, men det KAN blir vurdert som tiltak i samband med søknad om særskild tilrettelegging.

Bruk av hjelpemiddel som ikkje krev vedtak om tilrettelegging

Eleven kan bruke lese- og skrivestøttande program på si datamaskin i fag der alle hjelpemidlar er tillate. Eleven treng ikkje søkje om særskilt tilrettelegging for dette. Eleven er sjølv ansvarleg for å skaffe programma og må ha desse lokalt lagra på si datamaskin. Det er viktig at eleven øver på å bruke programmet før eksamen.

Program som omsett tekst til eit anna språk i språkfag er ikkje tillate.

Det vil bli redusert tilgang til digitale nettressursar til skriftleg eksamen i 2025,
<https://novari.no/utdanning/eksamen/til-deg-som-skal-ta-eksamen/#nettressurser>

Elev som kjem for seint (gjeld alle elevar):

- Eksamen startar (normalt) kl. 09:00. Ved eksamen gjeve av Udir kan ein logge seg på før dette, men vil ikkje få tilgang til oppgåva før kl. 0900.
- Kjem eleven før kl. 10:00, så får ein gjennomføre, men mister tapt tid.
- Kjem eleven etter kl. 10:00 får ikkje eleven gjennomføre eksamen.
- Det er ein føresetnad at ingen andre elevar er ferdig og har gått frå eksamenslokalet, noko som betyr at alle elevar MÅ sitje på sin plass fram til kl. 1000 (dersom alle har møtt kan ein sleppe elevane tidlegare).